

Cameron MacLeod - cameron.mac@gmail.com - 45477699
Magnhild Øen Nordahl - magnhildnordahl@gmail.com - 90790539

SEPTEMBER 11TH,



ALDEA ≈ 2018

HORDALAND FYLKESKOMMUNE ≈ PROSJEKTTILSKOT: KUNST OG

KULTUR - PROFESJONELL

MAD MIKE WORKSHOP



Mike Hughes skaut seg sjølv 500 meter opp i lufta over ørkenen California tidlegare i år med denne heimelaga raketten. Målet hans er å komme heilt opp i atmosfæren for å bevisе at jorda er flat.

RAKETTWORKSHOP MED MAD MIKE HUGHES PÅ ALDEA 28.-30 SEPTEMBER 2018

Aldea har invitert den sjølvlærte rakettbodyggeren, våghalsen og konspirasjonsteoretikeren Mad Mike Hughes til å halde presentasjon og kurs i rakettbodygging hos Aldea siste helga i September. Arrangementet finn stad i Aldea sine nye verkstadslokaler på Nordnes, og er den første i ei serie verkstad og utstillings-hendingar der vi nyttar oss av potensialet som det gir å ha ein verkstad og eit visningsrom vegg i vegg. I denne serien inviterer vi teknologiorienterte kunstnerar til å lage prosjektene sine i verkstaden eller DIY-legender til å halde foredrag eller kurs i verkstaden og visningsrommet.

Kurset startar med ein presentasjon som er gratis og open for alle, og held fram for ei mindre gruppe med deltakerar frå fredags ettermiddag til søndags ettermiddag. Deltakerane vil arbeide under Mad Mike si leiing, og tryggleiken vert ivareteke av Gunnar Nordahl, som til dagleg er helikoptermekanikar og ansvarleg for tryggleiken til helikopterselskapet Airlift as. I løpet av desse tre dagane vil deltakerane bygge dampdrivne rakettar av same sort som Mad Mike brukte tidlegare i år då han skaut seg 500 meter opp i lufta over ørkenen i California i eit forsøk på å bevisa at jorda er flat. Rakettoppskytning (uten passasjerar) vil skje dersom naudsynte tillatelsar frå luftfartsmyndigheter vert gjevne.

KVA HAR RAKETTBYGGING MED KULTUR Å GJERE?

Med arrangementet ynskjer vi å sette fokus på kva den teknologiske utviklinga og DIY-kulturen (gjer det sjølv-kulturen) som Aldea Verkstad er ein del av, kan bety for individet, samfunnet og kulturen. Er det positivt eller negativt at teknologien og deling av informasjon er demokratisert til dei grader, slik at folk sjølv har høve til å bygge sine egne rakettar - eller våpen for den del, og å bestride etablerte vitskapelege sanningar? Kan det vere ein fordel for den vitskapelege utviklinga at ufaglærte i dag kan gjennomføre slike eksperiment?

Vi lev i ei tid då vi for lenge sidan har godteke at våre egne sansar ikkje er ei påliteleg kjelde til kunnskap. Mikroskopet og teleskopet ser betre enn oss, og sjølv om jorda ser rund ut, så er den faktisk flat. Når ein ikkje trur at ein kan stole på det ein ser, så er det kanskje like lett å berre godta alt som kjem frå ei tilsynelatande truverdig kjelde, og å slutte å vere kritisk å stille spørsmål i det heile teke. Det interessante med Mad Mike er ikkje at han er en sprø vitskapsfornektar frå USA, men det at han insisterer på å ettergå dei mest etablerte sanningar ved å bruke kroppen som ei kjelde til kunnskap - han vil sjølv opp i verdsrommet for å sjå med sine egne auger om jorda er rund eller flat. Og han skal sjølv bygge raketane som han brukar. Denne insisteringa på sansane som eit verkty for å forstå verda har tette band både til den skapande kunstnaren og det opplevande kunstpublikum. På denne måten går arrangementet inn i kjernen på det som kunsten skal gjere- få oss til å sjå ting på ein litt annleis måte, stille spørsmål med slik vi vanlegvis ser ting og kanskje oppleve noko nytt.

Arrangementet er også ein måte for Aldea å tiltrekke seg merksemd og nye kundar til verkstaden.